

## Årsmelding Skigruppa

Skigruppa har hatt tre styremøte i 2013, i tillegg til at leiar har delteke på møte i hovudstyret. Vidare har me delteke på Nordhordland Skiklubb sine møte, styremøte og årsmøte. I tillegg vart det i haust oppretta ei prosjektgruppa med ansvar for planlegging av rehabilitering og opp gradering av lysløypa. Prosjektgruppa har i løpet av hausten hatt fire styremøte, og er godt i gang med ei planmappe med framdriftsplan for vidare arbeid. Gruppa har med seg Stein Wæhle som er planleggar/rådgjevar for utbygging av eit skileikanlegget i tilknytning til lysløypa. Planane inneber mellom anna to små hoppbakkar, kulekjøringsbakke, slalombakke og eit arenahus.

Skigruppa har hatt skitrening jamt over to gongar i veka gjennom skisesongen fram til 1. april. På det meste var det tjueseks deltakarar på desse treningane. I tillegg vart det arrangert to smørekurs. Det eine også med teknikkvideo for borna. Vidare arrangerte Skigruppa fire renn i Gamlesætra Skicup med eit snitt på over 70 deltakarar i kvart renn. Me var også med på å arrangere Norhordlandsmesterskapen og Strilarennnet med over 300 deltakarar.

Fleire deltakarar frå skimiljøet vårt var også ute og deltok i renn på kretsen. Mellom anna hevda Bjørnar Stusdal og Magnus Johan Færø seg godt på fleire renn.

Skigruppa har også teke i bruk sosiale medier og profilerer seg på facebook med eiga gruppe for skitreninga, og ei gruppe for Gamlesætra skianlegg med mellom anna løypeoppdateringar. Den gode snøvinteren dette året gjorde at det nesten ikkje var ein dag utan aktivitet i løypa, både av aktive og mosjonistar. Mykje kan sikkert tilskrivast Skjeldalsfresen som vart kjøpt inn i 2012, og som har gjort sitt til at det har det vore fantastiske forhold i løypa. Uoffisielle tal viser at det har vore nærare 1000 menneske innom løypene berre på arrangement. Dette viser tydeleg at skisporten er på god veg framover i lokalmiljøet, og at folk byrjar å få forståing for at løypa er open for alle.

I haust har me hatt to dugnadsdagar der det har vorte arbeidd med rydding og omlegging av startområdet, og reising av fleire lysstolpar. Til slutt vil eg på vegne av skigruppa retta ei stor takk til foreldre og aktive, og andre frivillige som har delteke både dette dugnadsarbeidet og ved arrangement av skirenna, utan denne gode frivillige innsatsen hadde ikkje dette vore mogleg å få til.

*Einar Stusdal,  
Leiar skigruppa.*